

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.09.2015

Saka vart lagt fram i møtet utan saksframlegg.

Tore Svane hadde følgjande merknad til protokollen:

«Det bør innarbeides som et systemkrav i fylkeskommunale utb. prosjekt at utb. dokumentene er gjennomgått m.h.t. uu-ktr av uavhengig ktr.inst..»

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å skrive ein uttale med følgjande innspel til planen:

« *Sentra, transport, bustadsområder, næringsbygg, natur og kultur må ha som mål å vere tilgjengelege for alle slik at samfunnsskapt barrierar nedbyggast og deltaking ikkje vert avgrensa.*

På s. 54, punkt 22, forslår rådet å endre ordet «bør» til «skal» slik at setninga vert: «Kommunal planlegging for bustadbygging skal i særleg grad leggje til rette for medverknad frå eldre, unge, personar med nedsett funksjonsevne og utbyggjarar.»

Rådet føreslår å fjerne punkt 25, s. 54. Det er viktigast for rådet er universell utforming, ikkje at bustadane er plassert ved busstraseen.

Til sist etterspør rådet ein plan for når busstraseene, og materiell i samband med dei, er universelt utforma.»